

Tillegg til Sogndal kommune sitt ordensreglement for grunnskulen - gjeldande for Kaupanger skule.

Forskrift til ordensreglement for Sogndal kommune er overordna skulen sine reglar

Skulemiljøet på Kaupanger skule skal fremja helse, trivsel og læring jf. opplæringslova §9A. Skulen har nulltoleranse mot mobbing

Ordensreglane gjeld for elevane i skuletida, skulevegen, skulebussen, og ved skulen sine tilstellingar - og for krenkingar som skjer utanom skuletid, dersom det har sitt opphav i skulesituasjonen eller set preg på den

Klassereglar

-kvar klasse lagar sine egne klassereglar ved oppstart av kvart skuleår

Aktivitetar ute

- elevane er i aktivitet på tilviste plassar.
- fotballaktivitetar på bana
- snøballkasting på tilviste blinkar, aking og snøleik på tilviste område
- utstyr som elevane låner med seg ut, skal ein ta med seg innatt etter friminuttet
- elevane oppheld seg på skulen sitt område i skuletida. Om ein skal utanfor skuleområdet, gjer ein det etter avtale med kontaktlærar

Elektronisk utstyr

- me brukar ikkje **private** mobiltelefonar, smartklokker med telefonfunksjon, nettbrett og elektroniske spel i undervisning, i friminutt, på ekskursjonar/turar og arrangement i skulen sin regi. I 8.-10. klasse kan elevane bruke mobiltelefon eit friminutt pr skuledag, dette etter avtale med kontaktlærar. Mobiltelefonen skal då kun nyttast inne i klasserommet til eleven.
- om eleven har td mobiltelefon med seg, skal telefonen vere avslegen i sekken eller på annan oppbevaringsstad etter avtale med kontaktlærar.
- smartklokker kan brukast dersom dei er i «skulemodus». Klokker som ikkje er i skulemodus skal ligge avslegne i sekken
- digitalt utstyr elevar låner med seg heim, skal brukast på ein forsvarleg måte, og i samsvar med IKT-reglementet.

Skulevegen

- me er hyggelege med kvarandre på skulevegen, og hjelper til om nokon treng hjelp!
- til/frå skulen går me på fortau, undergang og/eller overgangsfelt ved kryssing av bilvegar.
- Kaupanger skule og FAU føl råda frå Trygg Trafikk, der **elevane kan sykle til/frå skulen åleine frå 5. klasse.**
- elevar som sykklar til/frå skulen/SFO i 1.-4. klasse, **skal gjere det saman med føresette.**
- me sykklar langs vegen på høgre side.
- dei som sykklar **skal** bruke hjelm, hjelmen skal vere festa på hovudet.
- syklar og bilar tilpassar farten – det er mange gåande langs vegen.
- parkering av sykklar i sykkelstativ ved skulen.
- Kaupanger skule og FAU frarår bruk av El-sparkesykkel til/frå skulen.
- elevar som vert køyrt til/frå skulen, går av/på i **DROPPSONA** ved Skogly eller nedom Bedehuset.
- elevar som vert køyrt til/frå SFO, går av/på ved parkeringsplassen, Skogly eller nedom Bedehuset .

Me tek omsyn til kvarandre på skulen, på skulevegen, på haldeplassen til skulebussen, og i skulebussen. Hugs bruk av refleks på veg til skulen i perioden 15. oktober – 1. mars.

Godkjent i Samarbeids- og skulemiljøutvalet ved Kaupanger skule
Sak 4-2020/21: Ordensreglement ved Kaupanger skule
Heimel for forskrifta jf. opplæringsloven §§ 9A-10, 9A-11 og 13-10

Kjell Ertesvåg
-rektor-

Linda Moen Rebni
-leiar SU/SMU-

Vedlegg/lenker:

Handlingsplan for eit godt skulemiljø

[Kaupanger skule : Handlingsplan - skulemiljø 2020-21](#)

Råd frå Trygg trafikk:

<https://www.tryggtrafikk.no/skole/undervisningsmaterie/4-7-trinn/sykkelopplaering/sykle-til-skolen/>

<https://www.tryggtrafikk.no/skole/skoleveien/rad-til-skoler-om-elektrisk-sparkesykkel/>